

## Møteinkalling

<b>Utval:</b>	Fylkestinget
<b>Møtestad:</b>	Dalsøyra skule, Gulen
<b>Dato:</b>	27.10.2017
<b>Tid:</b>	11:15

### Innkalling til felles fylkesstingsmøte for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar

Stortinget vedtok 8. juni 2017 samanslåing av Hordaland og Sogn- og Fjordane fylkeskommunar frå 01.01.2020.

I samsvar med inndelingslova §25, har kommunal- og moderniseringsdepartementet kalla inn til felles fylkestingsmøte.

#### Fredag 27. oktober 2017, kl. 11.15 på Dalsøyra skule

I samsvar med dette, og i medhald av Kommunelova, vert du hermed kalla inn til møte i fylkestinget.

Jf. elles vedlagte program for samlinga i Gulen og opplegg for fellestransport, sjå neste side.

**Øvind Strømmen (MDG), Marthe Hammer (SV) har meldt forfall – Nils-Anders Nøttseter (MDG), Einar Horvei (SV) vert innkalla særskilt.**

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må mælda forfall, vert dei bedne om

å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemer i fylkestinget. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Pål Kårbo  
fung. fylkesordførar

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

17/2951-27

9. oktober 2017

## Innkalling til felles fylkestingsmøte for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommuner

Stortinget vedtok 8. juni 2017 sammenslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommuner fra 1.1.2020. I henhold til inndelingsloven § 25, innkaller Kommunal- og moderniseringsdepartementet med dette til felles fylkestingsmøte fredag 27. oktober kl. 11:15 på Dalsøra skule, Gulen. Møtet vil åpnes av statssekretær Kristin Holm Jensen.

### Dagsorden

- 1) Konstituering/valg av møteleder
- 2) Drøftinger iht inndelingsloven § 25
  - a. Den nye fylkeskommunens navn
  - b. Antallet medlemmer i det nye fylkestinget
  - c. Kriterier for sammensetning av og funksjoner til fellesnemnda etter § 26 i inndelingsloven
  - d. Valg av revisor for fellesnemnda
  - e. Opprettelse av partssammensatt utvalg

Med hilsen

Mari Jacobsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Janne Marie Larsen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Postadresse	Kontoradresse	Telefon*	Avdeling	Saksbehandler
Postboks 8112 Dep 0032 Oslo <a href="mailto:postmottak@kmd.dep.no">postmottak@kmd.dep.no</a>	Akersg. 59 <a href="http://www.kmd.dep.no">www.kmd.dep.no</a>	22 24 90 90 Org no. 972 417 858		Janne Marie Larsen 22 24 72 34

Adresseliste

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER

# PROGRAM

## GULEN / TUSENÅRSSTADEN, FREDAG 27.10.17 kl. 10:00-18:00

### Dalsøyra skule

- 10:00 – 11:15 Frammøte med servering.
- 11:15 – 11:25 Opning av felles fylkesting. Statssekretær Kristin Holm Jensen, Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- 11:25 – 11:30 Velkomne til Gulen kommune. Ordførar Hallvard S. Oppedal.
- 11:30 – 11:45 Frå Gulating til regionreform.  
Professor Jørn Øyrehaugen Sunde, Universitetet i Bergen.
- 11:45 – 13:00 Felles fylkesting – drøfting jf. inndelingslova § 25  
a) Namn på den nye kommunen eller det nye fylket.  
b) Tal medlemer i det nye kommunestyret eller fylkestinget.  
c) Kriterium for samansetjing av, og funksjonar til, fellesnemnda etter inndelingslova.  
d) Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.  
e) Oppretting av ev. andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.
- 13:15 – 14:00 Vedtak i separate fylkesting
- 14:00 – 14:30 Skyss til Gulating Hotel, Eivindvik.

### Gulating Hotel, Eivindvik

- 14:30 – 15:30 Lunsj.
- 15:30 – 15:45 Skyss til Tusenårsstaden/Gulatinget.

### Tusenårsstaden / Gulatinget

- 15:45 – 17:15 Samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland  
- Kulturinnslag og historisk/symbolisk markering  
- Pressetreff
- 17:15 – Felles skyss til Eivindvik og Sollibotn.  
Avreise buss til Bergen.

## **Felles fylkesting for Hordaland og Sogn og Fjordane – tilbod om felles reiseopplegg for fylkestinget sine medlemer**

I samband med at det vert halde felles fylkesting for Hordaland og Sogn og Fjordane i Gulen fredag 27. oktober, har fylkesrådmannen utarbeidd eit opplegg for felles transport for dei som ønskjer dette.

Vi ber om at de snarast råd, og innan mandag 16. oktober, melder attende om kva de ønskjer å nytte av følgjande fellesopplegg:

- Busstransport frå Bergen busstasjon, perrong P, avgang kl. 7:30
- Påstiging Åsane terminal kl. 7:40
- Påstiging Knarvik skysstasjon kl. 8:00
- Retur med buss frå Gulen med ankomst Bergen innan kl. 21:00
- Overnatting Grand hotel Terminus torsdag 26. oktober (for dei som måtte trenge det)

Gje tilbakemelding til fylkessekretariatet på epost: [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no)  
Eller kontakt oss på tlf 55 23 90 14 eller 55 23 90 15.

## Sakliste

Utvalse-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 100/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 101/17	Oppfølging av Stortinget sitt vedtak om samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar	2015/1434	
PS 102/17	Val av revisor for fellesnemnd i samband med samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune	2016/3311	

**PS 100/17 Godkjenning av møteinnkalling**



Arkivnr: 2015/1434-518  
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestinget	101/17	27.10.2017

### Oppfølging av Stortinget sitt vedtak om samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar

#### Samandrag

Fylkesrådmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland legg no fram likelydande saker knytt til det vidare oppfølgingsarbeidet i høve regionreforma. Fylkesrådmennene viser til at intensjonsplanen for samanslåing av dei to fylkeskommunane er handsama og godkjend i både fylkestinga.

Fylkesrådmennene konstaterer at reforma, slik ho er vedteken i Stortinget, fører til at tal folkevalde regionar vert 11, og at det såleis er lagt til rette for ei reell nasjonal regionreform.

Stortinget gjorde 08.06.17 vedtak om samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland. I samsvar med lovkrava i inndelingslova § 25, skal det snarleg etter Stortinget sitt samanslåingsvedtak haldast felles fylkesting. Fylkesordførarane vart i august, i samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), samde om at slike møte skulle haldast 27.10.17 i Gulen kommune. På slike fellesmøte legg inndelingslova opp til at følgjande saker skal drøftast:

- Namn på det nye fylket.
- Tal medlemer i det nye fylkestinget.
- Kriterium for samansetting av, og funksjonar til, fellesnemnda.
- Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.
- Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

Intensjonsplanen for samanslåing av dei to fylkeskommunane avklarar ei rekke sentrale spørsmål med stor betydning for den vidare samanslåingsprosessen – og som inndelingslova krev skal avklarast etter at Stortinget har vedteke samanslåing. Planen fastset at den nye fylkeskommunen får namnet Vestlandet fylkeskommune, og at det nye fylkestinget skal ha 65 medlemer, jf. punkta a) og b) ovanfor.

Vidare legg planen føringar for oppnemninga av ei fellesnemnd, jf. pkt. c). Nemnda skal gå ut frå dei to noverande fylkestinga, i samsvar med inndelingslova, og vere samansett av dei to fylkesutvala. Nemnda skal ha leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane. Intensjonsplanen viser til at fullmakter, arbeidsoppgåver og roller for nemnda skal fastsetjast gjennom eit eige reglement som dei respektive fylkestinga vedtek. Fylkesrådmennene rår til at dette no vert gjort gjennom denne «fellessaka», og at fylkestinga gjennom handsaminga stadfestar intensjonsplanen sine vidare føringar for samanslåinga.

Fylkesrådmennene viser, jf. pkt. d) over, til kontrollutvala sine sams innstillingar i eiga sak om at revisor for fellesnemnda vert samanfallande med revisor for den fylkeskommunen der prosjektrekneskapen vert ført.

Fylkesrådmennene rår til at fellesnemnda opprettar eit partssamansett utval med representasjon frå dei tillitsvalde, underlagt nemnda, til arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen, jf. pkt. e) over. Nemnda fastset mandat for utvalet, som m.a. skal utforme ein *omstillingssavtale* (heimla i arbeidsmiljølova og hovudavtalen) som rammeverk for dei tilsette i den omfattande samanslåingsprosessen.

I tillegg til dei lovpålagde vedtakspunkta a) – e), rår fylkesrådmennene til at fylkestinget no stadfestar at formannskapsmodellen skal vere politisk styringsmodell i den nye fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen i Hordaland understrekar avslutningsvis at fylkestinget sitt vedtak føreset likelydande vedtak frå fylkestinget i Sogn og Fjordane.

### **Forslag til vedtak**

Med utgangspunkt i Stortinget sitt vedtak av 08.06.17 i høve regionreforma, Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar sin vedtekne intensjonsplan for samanslåing og inndelingslova sine krav, gjer fylkestinget følgjande vedtak:

1. Den nye fylkeskommunen sitt namn skal vere Vestlandet fylkeskommune.
2. Det nye fylkestinget skal ha 65 medlemer.
3. Fellesnemnda for samanslåingsprosessen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar skal bestå av dagens to fylkesutval med til saman 24 medlemer: 15 frå Hordaland og 9 frå Sogn og Fjordane. Nemnda får leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane. Varamedlemene til fylkesutvala skal også vere varamedlemer til fellesnemnda.

Fylkestinget vedtek med dette også det vedlagde reglementet for fellesnemnda.

4. Fellesnemnda for den vidare samanslåingsprosessen får i oppgåve å etablere eit partssamansett utval, underlagt nemnda. Fellesnemnda vedtek mandat og samansetting for utvalet.
5. I tillegg til dei fire lovpålagde vedtakspunkta over, stadfestar fylkestinget at formannskapsmodellen skal vere politisk styringsmodell i den nye fylkeskommunen.

Ein legg elles til grunn at føreliggjande intensjonsplan vert følgd i det vidare samanslåingsarbeidet.

6. Fylkestinget sitt vedtak føreset likelydande vedtak i fylkestinget i Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

1. Reglement for fellesnemnda for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar.
2. Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, datert, 17.01.17
3. Fylkestingsvedtak om intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, i Hordaland 03.02.17 og Sogn og Fjordane 02.02.17
4. Brev frå KMD om samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, datert 28.06.17.
5. KMD si møteinkalling til felles fylkesting, datert 09.10.17.
6. Uttale frå Noregs Språkråd vert ettersendt.

Andre relevante dokument:

1. Lov om fastsetting og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) (jf. [lenkje](#)).
2. Stortinget sitt vedtak om regionreforma 08.06.17 (jf. [lenkje](#)).
3. Etablering av nye kommunar og fylkeskommunar. Formelle rammer og erfaringar frå tidlegare samanslåingar. Rettleiar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2017) (jf. [lenkje](#)).

## Fylkesrådmannen, 10.10.2017

### 1. Bakgrunn for saka

I samsvar med inndelingslova er det Stortinget som gjer vedtak om samanslåing av fylke, medan vedtak om kommunesamanslåing vert gjort av Kongen når samanslåingane er frivillige.

Regeringa la gjennom Prop. 84 S (2016–17) fram forslag om ny inndeling av regionalt folkevalt nivå. Stortinget vedtok 08.06.17 ei regionreform der dagens 19 fylkeskommunar vert erstatta med 11 nye folkevalde regionar/fylkeskommunar. Den nye fylkesinndelinga skal gjelde frå 01.01.20.

I vedtaket slo Stortinget saman følgjande fylke:

- Vest-Agder og Aust-Agder (302 000 innbyggjarar)
- Sogn og Fjordane og Hordaland (632 000 innbyggjarar)
- Buskerud, Akershus og Østfold (1 178 000 innbyggjarar)
- Telemark og Vestfold (420 000 innbyggjarar)
- Hedmark og Oppland (386 000 innbyggjarar)
- Troms og Finnmark (241 000 innbyggjarar)

Vedtaket inneber at Oslo (672 000), Rogaland (475 000), Møre og Romsdal (267 000) og Nordland (243 000) held fram som eigne fylke. Sør- og Nord-Trøndelag (454 000) er alt vedtekne slegne saman med verknad frå 1. januar 2018.

Etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing, skal KMD kalle saman til felles fylkestingsmøte, jf. inndelingslova § 25. I fellesmøtet skal fylkestinga drøfte følgjande (sitat frå nemnde lovparagraf):

- a) Forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket.
- b) Talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget.
- c) Kriterium for samansetting av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova.
- d) Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.
- e) Opprettning av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar fastset ei rekke sentrale spørsmål med stor betydning for den vidare samanslåingsprosessen – og som også er svar på inndelingslova sine krav til snarlege avklaringar etter Stortinget sitt vedtak, jf. punkta a) – e) ovanfor.

Fylkestinga har i tillegg høve til å drøfte andre saker som er av betydning for samanslåinga. Fellesmøtet er av såkalla prosessleiane karakter, og det skal difor ikkje gjerast vedtak her. Fylkestinga må etter fellesmøtet, kvar for seg, gjere vedtak i dei aktuelle sakene som er lagt fram. Fellesmøtet har høve til å gje ein ikkje-bindande uttale som eventuelt kan leggje til rette for ei oppfølging i det enkelte fylkesting.

### 2. Namn og våpen for den nye fylkeskommunen

#### Fylkeskommunen sitt namn

I samsvar med kommunelova § 3 skal namnet på fylkeskommunane (det regionale folkevalde nivået) vere det same som namnet på fylka (det geografiske området). I tillegg til den organisatoriske fusjonen mellom Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, kan vi i samband med reforma altså snakke om ei fylkessamanslåing. Sogn og Fjordane og Hordaland fylke vil opphøyre og bli erstatta av eitt nytt fylke.

Fylka sine namn er i dag fastsette gjennom *Lov om forandring av rikets inndelingsnavn* § 2. Det nye fylket sitt namn vert fastsett gjennom ei endring av denne lova. Kommunal- og moderniseringsdepartementet legg opp til å fremje ein samla lovproposisjon for alle fylkessamanslåingane etter at det er gjennomført felles fylkestingsmøte og fylkestinga har gjort vedtak i samsvar med inndelingslova § 25 a. Departementet tek sikte på å fremje propisisjonen for Stortinget i løpet av våren 2018.

I spørsmålet om namn skal det leggjast stor vekt på kommunane og fylkeskommunane sine eigne ønske. KMD legg til grunn at fylkeskommunane vel unike namn som ikkje er i bruk av andre fylkeskommunar.

Kommune- eller fylkesnamn går ikkje nødvendigvis tapt som stadnamn sjølv om dei ikkje lever vidare som namn på kommunen eller fylket. Ved val av namn er det føremålstenleg om kommunestyret/fylkestinget vurderer namn som har same forma på bokmål og nynorsk. I vedlagde brev frå 29.06.17 gjev KMD uttrykk for at forslaga i propositionen vil byggje på lokale ønske og vedtak om namn på ny fylkeskommune.

Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar slår fast at namnet på ein ny region/fylkeskommune bør vere Vestlandet. Gjennom handsaminga av intensjonsplanen har båe fylkestinga stadfesta dette ønsket. I samband med utarbeidninga av dette felles saksframleggget, har fylkesrådmennene tinga ein eigen uttale frå Norges Språkråd. Uttalet vert ettersendt når den ligg føre.

Fylkesrådmannen legg vekt på at det i dag er fleire statlege etatar og institusjonar som nyttar omgrepene «vest» og «vestlandet» som ein del av namnsettinga, sjølv om etaten/institusjonen geografisk ikkje fullt ut omfamnar det som tradisjonelt vert oppfatta som heile landsdelen Vestlandet. Døme på dette er Høgskulen på Vestlandet, Vest – og Sørvest politidistrikt og det regionale helseføretaket Helse Vest HF.

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vil etter samanslåinga, som Vestlandet fylkeskommune, utgjere det vi gjerne kalla «det sentrale vestlandet», der vi nord for oss vil ha Nord-Vestlandet og sør for oss har Sør-Vestlandet.

Då båe fylkeskommunane gjennom eigne fylkestingsvedtak om intensjonsplanen (februar 2017) har gått inn for at Vestlandet vert namnet på den nye fylkeskommunen, meiner fylkesrådmannen dette gjev uttrykk for ønsket som KMD har uttalt at ein vil lytte til i dette spørsmålet.

Gjennom Prop. 84 S (2016–17) gjorde regjeringa det klart at omgrepet «fylkeskommune» vert ført vidare etter regionreforma. Som folkevalde og administrative einingar kan likevel dei nye fylkeskommunane også refererast til som «folkevalde regionar» – på same måte som vi gjer det i dag og slik Stortinget kan refererast til som vår folkevalde nasjonalforsamling.

### **Fylkesvåpen**

Intensjonsplanen føreset at fellesnemnda får i oppgåve å foreslå eit nytt fylkes-/regionvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka. Dette bør utformast i ein nær relasjon til namnet som no vert fastsett for den nye fylkeskommunen.

Dagens ordning for godkjenning av kommune-/fylkesvåpen er ikkje lov- eller forskriftsfesta, men basert på langvarig forvaltningspraksis attende til 1898. Praksisen inneber at Arkivverket fungerer som rådgjevande instans for kommunar og fylkeskommunar i samband med utforminga av nytt våpen. Arkivverket gjev òg ein rådgjevande uttale til KMD før kommune- eller fylkesvåpenet vert endeleg fastsett av Kongen i statsråd. Arkivverket si tilråding er formelt sett ikkje bindande, men det finst førebels ikkje døme på søknadar der tilrådinga ikkje har vorte følgd. Den kongelege resolusjonen om kommune-/fylkesvåpenen krev også ein nedfelt, *skriftleg våpendefinisjon* (våpenet vert beskrive med ord, og koplinga til kommunen eller fylket sitt namn vert lagd vekt på). Ved kommune- eller fylkessamanslåingar har våpenet normalt ikkje vorte fastsett i same kongelege resolusjon som sjølvé samanslåinga eller namnsettinga.

Fylkesrådmannen gjer fylkestinget merksam på at det no ligg føre eit lovforslag i Stortinget om å forenkle rutinane for fastsetting av kommune- og fylkesvåpen. Framleggget inneber at kommunestyra og fylkestinga sjølve kan vedta våpenet, og den nye ordninga vil eventuelt bli gjeldande frå våren 2019.

Intensjonsplanen slår fast at fellesnemnda får i oppgåve å foreslå eit nytt fylkes-/regionvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka. Fellesnemnda må i dette arbeidet avklare den vidare prosessen for eit endeleg vedtak knytt til nytt fylkesvåpen, jf. m.a. nemnde lovforslag.

### **3. Tal medlemer i det nye fylkestinget**

Intensjonsplanen fastset at det nye fylkestinget skal ha 65 representantar. Fellesnemnda kan få i oppgåve å avklare dette talet nærmere. Ei slik nærmere vurdering skal i så fall gjerast ved at ein ser tal representantar i samanheng med kap. 3.3 i planen, som handlar om den nye folkevalde regionen si valordning.

I Prop. 84 S (2016–17), samt i Stortinget si handsaming av denne 08.06.17, er det lagt opp til at valet til nye fylkeskommunar i 2019 vert gjennomført med den same valordninga for fylkestingsval som gjeld i dag. Dermed vil kvar nye fylkeskommune utgjere eitt samla valdistrikt. Det vert truleg ikkje opna opp for å dele dei nye fylkeskommunane inn i valdistrikt med utjamningsmandat, jf. pkt. 3.3 i intensjonsplanen.

Kommunelova § 7 understrekar at endring av medlemstalet i fylkestinget skal vedtakast av fylkestinget sjølv seinast 31. desember i nest siste år av valbolken, med verknad for komande valperiode. Slikt vedtak kan ikkje delegerast til andre organ, som til dømes fellesnemnda.

Departementet vil syte for nødvendige endringar av lov- og regelverket i framkant av valet i 2019.

I samsvar med kommunelova skal fylkestinget sitt medlemstal vere eit ulikt tal (oddetal). Gjeldande kommunelov inneheld inga øvre terskel for tal fylkestingsmedlemer. Minstetalet vert regulert slik:

- I fylke med 150 000 innbyggjarar eller mindre skal fylkestinget ha minst 19 medlemer.
- I fylke med over 150 000 innbyggjarar skal fylkestinget ha minst 27 medlemer.
- I fylke med over 200 000 innbyggjarar skal fylkestinget ha minst 35 medlemer.
- I fylke med over 300 000 innbyggjarar skal fylkestinget ha minst 43 medlemer.

I Prop. 84 S (2016–17) uttalte regjeringa at ein bør vurdere å innføre nye intervall for tilhøvet mellom folketal og medlemer i fylkestinga. Bakgrunnen er at fleire av dei nye fylkeskommunane kan få dobla eller jamvel tredobla innbyggartalet, samt at dagens minstekrav dermed blir mindre relevante.

I berre tre av dagens fylkesting; Østfold, Akershus og Sør-Trøndelag, er medlemstalet likt lova sitt minstekrav. Samla har fylkestinga (inkl. Oslo bystyre) 777 medlemer. Det samla minstekravet summerer seg opp til 601. Fylkestinga i Noreg har såleis om lag 30% fleire medlemer enn minstekravet tilseier. Det er dei minste fylkeskommunane som prosentvis har flest medlemer i høve til minstekravet: Aust-Agder, Nord-Trøndelag og Finnmark har alle 35 fylkestingsmedlemer, medan Sogn og Fjordane har 31. Minstekravet for desse fire fylkeskommunane er 19 fylkestingsmedlemer.

Ein ny fylkeskommune på Vestlandet med Sogn og Fjordane og Hordaland vil, med dagens innbyggartal som grunnlag, ha om lag 632 000 innbyggjarar. Fylkestinga har i inneverande periode 31 og 57 medlemer, til saman 88 representantar. Dette talet vert samla sett redusert med 23 representantar, jf. intensjonsplanen si føring på dette punktet.

#### **4. Fellesnemnda – samansetting og funksjonar**

##### **Samansetting**

Etter inndelingslova § 26 skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og førebu samanslåinga. Nemnda skal ha minimum tre medlemer frå kvar fylkeskommune. Fellesnemnda vel sjølv leiar og nestleiar, og medlemene skal veljast av og blant fylkestinga sine medlemer. Varamedlemer til fylkestinga kan veljast som varamedlemer til fellesnemnda.

Kommunelova sine bestemmelsar om val og sakshandsaming i folkevalde organ skal gjelde tilsvارande ved samansettinga av fellesnemnda. Kommunelova inneheld reglar som regulerer balanse mellom kjønn m.m. i folkevalde organ. Dette kravet knyter seg ikkje til den totale samansettinga av nemnda, men til val av representantar til fellesnemnda frå den enkelte fylkeskommune.

Intensjonsplanen legg ei klar føring for oppnemninga av fellesnemnd. Nemnda skal i følgje planen gå ut frå dei to noverande fylkestinga, i samsvar med inndelingslova, og vere samansett av dei to fylkesutvala. Ho skal ha leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane. Planen føreset også at fullmakter, arbeidsoppgåver og roller for fellesnemnda vert fastsette gjennom eit eige reglement vedteke i dei

respektive fylkestinga. Fylkesrådmannen rår til at dette vert gjort gjennom denne «fellessaka» og i tråd med vedlegg 1.

#### **Funksjonar og mynde for fellesnemnda – inndelingslova sine overordna krav jf. § 26**

Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med budsjettet for 2020 – det første driftsåret etter iverksettinga av samanslåinga – og skal samstundes gje fråsegn til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om fylkeskommunane sine budsjett og økonomiplanar fram til samanslåinga. Utover dette kan fylkestinga sjølve velje i kva grad ytterlegare førebuingsoppgåver skal leggjast til nemnda.

Fellesnemnda sin leiar skal formelt kalle inn til konstituerande fylkesting, og dette møtet skal haldast innan utgangen av oktober 2019. Fellesnemnda si funksjonstid går ut når det nye fylkestinget er konstituert. Det nye fylkestinget skal vedta den nye fylkeskommunen sitt budsjett innan 31.12.19.

Inndelingslova slår fast at fellesnemnda sine delegerte fullmakter vert fastsette gjennom eit eige reglement, og at dette må vedtakast med likelydande ordlyd i både fylkestinga.

I samsvar med inndelingslova kan fellesnemnda få delegert mynde til å inngå avtale med ny revisor og tilsette ny administrasjonssjef for den nye fylkeskommunen – trass kommunelova sitt delegeringsforbod. Dersom dette er ønskjeleg, kan fylkeskommunane også opprette eit arbeidsutval, slik ein har valt å gjere i Trøndelagsprosessen. Fellesnemnda kan gje arbeidsutvalet mynde til å gjere vedtak i einskildsaker eller i saker som ikkje er av såkalla *prinsipiell art*.

#### **Funksjonar og mynde for fellesnemnda – fullmakter og framlegg til reglement (jf. vedlegg 1)**

Fylkesrådmannen meiner det er viktig å gje fellesnemnda eit tydeleg, men vidt mandat, for å sikre god politisk styring og ein mest mogleg effektiv samanslåingsprosess. Dersom nødvendige vedtak må gjerast før det nye fylkestinget er konstituert, på område der fellesnemnda ikkje har delegert vedtaksmynde, må fylkestinga syte for samordning og koordinering med tanke på å gjere likelydande delegeringsvedtak.

Dagens to fylkesting er ansvarlege for fylkeskommunane si daglege verksemd, og må ha eit stort fokus på å levere gode tenester og tilbod fram til det nye fylkestinget tek over. Fellesnemnda skal såleis ikkje ha innverknad på kvar einskild fylkeskommune si verksemd fram til samanslåinga.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om at fellesnemnda konstituerer seg sjølv snarast råd (november/desember 2017). Nemnda bør, som ei av sine første saker, få seg førelagt ein konkretiserande prosjekt- og framdriftsplan for heile det førebuande arbeidet til godkjenning, inkl. budsjett for samanslåingsprosessen (vedl.1, § 5).

Fylkesrådmannen meiner fellesnemnda sjølv må vurdere om det er trøng for eit eige arbeidsutval (FAU). Eit arbeidsutval kan fungere som eit effektivt og avlastande arbeidsorgan for fellesnemnda som heile, men kan også utgjere eit ekstra ledd i den løpende sakshandsaminga. Dersom det vert oppretta eit slikt arbeidsutval, bør nemnda vedta eit reglement der arbeidsutvalet får fullmakt til å gjere vedtak i einskildsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter (vedl.1, § 6).

Fylkesrådmannen meiner fellesnemnda kan inngå avtalar på vegne av den nye fylkeskommunen, i den grad slike avtalar må inngåast før konstitueringa av det nye fylkestinget. Dersom det er aktuelt for nemnda å delegere slikt mynde vidare til fylkesrådmennene, har ho høve til å gjere dette (vedl.1, § 10).

Fellesnemnda skal ha fullmakt til overføring av personell til den nye fylkeskommunen, og har ansvar for informasjons- og drøftingsopplegget med dei tilsette/tillitsvalde gjennom prosessen. Nemnda har her høve til å delegere vidare til fylkesrådmennene å administrere og gjennomføre overføringa av personell til den nye fylkeskommunen (vedl.1, § 11).

Det vil, som dei to føregåande avsnitta synleggjer, generelt vere aktuelt for fellesnemnda å delegere fullmakter til fylkesrådmennene i tråd med kommunelova sine reglar. Det bør gjerast ei heilskapleg vurdering av den praktiske arbeidsdelinga mellom politisk og administrativt nivå i samanslåingsprosessen –

i tråd med delegeringa og arbeidsdelinga som gjeld i dagens fylkeskommunar. Dette kan m.a. gjelde innanfor økonomi- og personalforvaltning og andre administrative ansvarsområde (vedl.1, § 12).

Dersom enkelte saker som vedkjem samanslåingsprosessen er av ein slik karakter at dei må handsamast særskilt i eitt eller begge fylkestinga, meiner fylkesrådmannen at fellesnemnda bør ha innstillingsrett i slike saker (vedl.1, § 15).

Når det gjeld budsjettet for fellesnemnda, vil fylkesrådmannen understreke at Stortinget sitt vedtak av 08.06.17 legg opp til at eingongskostnader ved fylkessamanslåing vert dekka ved at kvart fylke som inngår i samanslåinga får utbetalt 15 mill.kr. Det er uvisst om denne utbetalinga vil dekke dei reelle eingongskostnadane med samanslåinga av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkesrådmannen vil difor rå til at fellesnemnda i første omgang får fullmakt til å disponere den samla ramma på 30 mill.kr som støtte til eingongskostnader i det førebuande arbeidet og gjennomføringa av samanslåinga. Eventuelle behov utover denne ramma må løvvast av dei to fylkestinga når det føreligg eit nærrare avklara budsjett for dei reelle eingongskostnadene (vedl.1, § 17).

Fylkesrådmennene og ny administrasjonssjef bør ha møte- og talerett i fellesnemnda. Fylkesrådmennene innstiller som hovudregel direkte til fellesnemnda i sakene som skal fram for nemnda, fram til ny administrasjonssjef overtek denne funksjonen (vedl.1, § 18).

## **5. Val av revisor**

### **Revisor for fellesnemnda si verksemd, if. inndelingslova § 25**

I samsvar med kommunelova skal fylkestinga nemne opp revisor etter innstilling frå kontrollutvala. Inndelingslova omtalar likevel ikkje dei respektive kontrollutvala si rolle i samband med val av revisor for ei fellesnemnd si verksemnd. Fylkesrådmannen tek til etterretning at revisor for den fylkeskommunen der prosjektrekneskapen vert ført, også er innstilt som revisor for fellesnemnda. Fylkesrådmannen syner her til eiga sak som no vert lagt fram med innstilling frå kontrollutvalet. Fylkesrådmannen understrekar at fellesnemnda sin revisor skal rapportere til begge fylkeskommunane.

### **Revisionsordning for den nye fylkeskommunen**

Med omsyn til revisjon for den nye fylkeskommunen, kan fellesnemnda få delegert mynde til å inngå avtale med ny revisor, vidareføre deltakinga i ev. interkommunale samarbeid om revisjon eller vidareføre gjeldande avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for kontrollutvalssekretariatet. Slike vedtak skal ev. fellesnemnda gjere med bakgrunn i innstilling frå kontrollutvala. Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland kan no gje fellesnemnda mynde til å vedta sekretariatsordning for kontrollutvalet og ny revisjonsordning, etter innstilling frå kontrollutvala i dei to fylkeskommunane. Inndelingslova § 26 opnar for dette. Dette fordrar at slikt mynde vert gjeve fellesnemnda, noko det vert lagt opp til i vedlagde framlegg til reglement. Fylkesrådmannen syner til vedlagde framlegg § 14.

Kontrollutvala i dei to fylkeskommunane har avtala eit nytt fellesmøte mot slutten av november d.å., der ein skal vurdere framtidig revisjonsordning. Hordaland fylkeskommune nyttar i dag privat revisjon (etter anbod) både på finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon, medan Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar privat revisjon på forvaltningsrevisjon og eigenregi (interkommunalt selskap) innan selskapsrevisjon og finansiell revisjon.

Kontrollutvala treng noko tid til å avklare alle praktiske detaljar kring spørsmålet. Dersom ein startar eit arbeid på dette i haust, vil dette kunne avklarast i fellesnemnda i løpet av våren 2018.

## **6. Oppretting av ev. andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa**

I samsvar med inndelingslova § 25 e) kan fylkeskommunane opprette eit partssamansett utval som handsamar saker som vedkjem tilhøvet mellom den nye fylkeskommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Eit partssamansett utval inneber representasjon frå både arbeidsgjevarsida og dei tillitsvalde.

Dei fleste kommunar og fylkeskommunar som har valt å slå seg saman har også valt å etablere partssamansette utval som følgjer prosessane tett. I samband med samanslåinga av Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag fylkeskommunar er det t.d. oppnemnt eit partssamansett utval med til saman fem medlemer; tre representantar frå fellesnemnda og to representantar for dei tilsette.

Fylkesrådmannen rår til at fellesnemnda får i oppgåve å opprette eit partssamansett utval, underlagt fellesnemnda, til arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen. Fellesnemnda fastset mandat for utvalet. Utvalet skal m.a. utforme ein omstillingssavtale som rammeverk for dei tilsette i denne samanslåingsprosessen, med heimel i arbeidsmiljølova og hovudavtalen. Fylkesrådmannen understrekar at også punktet om partsamansett utval har klare føringar i den vedtekne intensjonsplanen.

## **7. Fylkesrådmannen si oppsummering**

### **Oppfølging av regjeringa og Stortinget si regionreform**

Som ein del av fylkeskommunane sitt mandat knytt til ei eventuell regionreform, vart det vinteren 2017 framforhandla ein intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar. Intensjonsplanen vart handsama og vedteken i fylkestinget i Sogn og Fjordane 02.02.17 og i Hordaland 03.02.17 (jf. vedl.2 og 3). Vedtaka og intensjonsplanen vart sendt over som fylkeskommunane sine høyringssvar til kommunal- og moderniseringsministeren si oppmoding om nabosamtalar.

Med grunnlag i Prop. 84 S (2016-17) «Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå» og innstillinga frå kommunal og forvaltningskomiteen, gjorde Stortinget 08.06.17 vedtak om ny regionstruktur. Etter at Stortinget har vedteke fylkessamanslåing, trer inndelingslova sine krav til samanslåingane i kraft. Departementet skal kalle saman fylkestinga for å drøfte saker omtalt i § 25 i lova.

I og med at intensjonsplanen svarer på lovkrava i § 25 i inndelingslova, legg fylkesrådmannen fram denne oppfølgingssaka slik at fylkestinga gjennom likelydande vedtak no skal stadfeste konklusjonane i planen. Vedtaket og intensjonsplanen vil såleis utgjere den overordna føringa for fellesnemnda sitt arbeid, og følgjer samstundes opp inndelingslova sine lovkrav knytt til punkta a) til e) slik:

#### **a) Namn på den nye fylkeskommunen**

Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkestinga stadfestar dei to fylkestinga sine tidlegare konklusjonar når det gjeld namn på det nye fylket, og såleis vedtek at den nye fylkeskommunen sitt namn vert Vestlandet fylkeskommune.

#### **b) Tal medlemer i det nye fylkestinget**

På landsbasis står det i dag om lag 6700 innbyggjarar bak kvart fylkestingsmedlem. Etter kvart som det vert gjennomført samanslåingar ned til 11 nye folkevalde regionar, vil dette gjennomsnittstalet høgst truleg auke. Intensjonsplanen slår fast at det nye fylkestinget får 65 representantar. Dermed vil det stå om lag 9700 innbyggjarar bak kvart fylkestingsmedlem i nye Vestlandet fylkeskommune.

#### **c) Fellesnemnda – samansetting og mynde**

Intensjonsplanen slår fast at fellesnemnda skal gå ut frå dei to noverande fylkestinga, i samsvar med inndelingslova, og at nemnda vert samansett av dei to fylkesutvala. Nemnda skal ha leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane. Fellesnemnda vil då bestå av dagens to fylkesutval med til saman 24 medlemer: 15 frå Hordaland og 9 frå Sogn og Fjordane. Arbeidsoppgåver, roller og fullmakter for fellesnemnda vert fastsette gjennom eit eige reglement vedteke i dei respektive fylkestinga, jf. vedlegg 1.

Fylkesrådmannen rår til at det første, konstituerande møtet i fellesnemnda vert gjennomført i løpet av november eller desember, og at det her vert lagt opp til handsaming av ein utfyllande prosjektplan for fellesnemnda sitt arbeid, med ein detaljert framdrifts-/arbeidsplan. Fylkesrådmannen meiner nemnda i det konstituerande møtet bør gjere ei vidare delegering til fylkesrådmennene knytt til det praktiske samanslåingsarbeidet.

#### **d) Val av revisor for fellesnemnda si verksemد**

Fylkesrådmannen viser til at revisor for den fylkeskommunen der prosjektrekneskapen vert førd også er tilrådd vald til revisor for fellesnemnda. Dette samsvarer med framleggget i eiga sak med sams tilråding frå dei to kontrollutvala.

#### e) Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføring av samanslåinga

Fylkesrådmannen rår til at fellesnemnda får i oppgåve å opprette eit partssamansett utval, underlagt fellesnemnda, til arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen. Fellesnemnda fastset mandat for det partssamansette utvalet. Utvalet skal m.a. utforme ein omstillingssavtale som rammeverk for dei tilsette i denne samanslåingsprosessen, med heimel i arbeidsmiljølova og hovudavtalen.

#### Politisk styringsmodell

I tillegg til dei lovpålagde vedtakspunkta over (a – e), rår fylkesrådmannen til at Sogn og Fjordane fylkeskommune no stadfestar intensjonsplanen si føring om at formannskapsmodellen skal vere politisk styringsmodell i den nye fylkeskommunen.

#### Milepelar og prosess - regionreforma sin vidare saksgang

Det er lagt opp til vidare saksgang for regionreforma langs følgjande tidsline:

- Regjeringa sitt ekspertutval legg fram innstilling om ytterlegare oppgåver til det framtidige folkevalde regionnivået innan 01.02.18.
- Regjeringa legg fram ein stortingsproposisjon om endring av «Lov om rikets inndelingsnavn» i løpet av våren 2018, der namn på dei nye fylkeskommunane vert føreslegne vedtekne.
- Ekspertutvalet sitt arbeid skal følgjast opp politisk fram mot våren 2019.
- Ein lovproposisjon om oppgåver, kommunelov og vallov vert handsama våren 2019.
- Regjeringa gjennomgår statlege regionale strukturar frå våren 2017 til våren 2019
- Det nye regionale folkevalde nivået er operativt frå 01.01.2020.



Figuren syner prosessen med kommune- og fylkessamanslåingar fram mot 01.01.20, slik kommunal- og moderniseringsdepartementet skisserer denne i rettleiaren «Etablering av nye kommunar og fylkeskommunar. Formelle rammer og erfaringar frå tidlegare samanslåingar» (april 2017).

Det føreslegne reglementet for fellesnemnda syner ei rekke saker og ansvarsområde som nemnda skal ta hand om og førebu i 2018 og 2019, slik at den nye fylkeskommunen er operativ frå 2020.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

**Fellesnemnd for samanslåing av  
Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar**

**Framlegg til reglement**

- 1) Fellesnemnda vert samansett av dagens to fylkesutval, med til saman 24 medlemer: 15 frå fylkesutvalet i Hordaland og 9 frå fylkesutvalet i Sogn og Fjordane.  
 Nemnda får leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane.
- 2) Fellesnemnda konstituerer seg sjølv og vel sjølv leiar og nestleiar. Dei to fylkesrådmennene (Sogn og Fjordane og Hordaland) utgjer eit felles sekretariat for fellesnemnda inntil nemnda finn det tenleg at framtidig administrasjonssjef overtek denne funksjonen.
- 3) Fellesnemnda sin funksjonsperiode går fram til nytt fylkesting vert konstituert.
- 4) Fellesnemnda skal primært planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga fram til konstituering av nytt felles fylkesting. Det er dei to fylkestinga som er ansvarlege for verksemda i dei to fylkeskommunane fram til samanslåingstidspunktet 01.01.2020.
- 5) Fellesnemnda bør utarbeide ein prosjekt- og framdriftsplan for det førebuande arbeidet, inkl. budsjett for samanslåingsprosessen.
- 6) Fellesnemnda kan opprette eit eige arbeidsutval (FAU), som får fullmakt til å gjere vedtak i einskildsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Nemnda må i så fall vedta eit eige reglement for arbeidsutvalet.
- 7) Fellesnemnda fastset modell for politisk og administrativ organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagt i intensjonsplanen av 17.01.17. Nemnde modell bør likevel kunne vurderast dersom det skjer vesentlege endringar i fylkeskommunane sine oppgåver.
- 8) Fellesnemnda får ansvaret for det førebuande arbeidet med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk (2020), samt for tilsvarande arbeid med økonomiplan for perioden 2020–23.
- 9) Fellesnemnda gjev uttale til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om dei vedtekne årsbudsjetta for 2018 og 2019 for dei to fylkeskommunane.
- 10) Fellesnemnda kan inngå avtalar på vegne av den nye fylkeskommunen, i den grad slike avtalar må inngåast før fylkestinget er konstituert.  
 Dersom det er aktuelt for fellesnemnda å delegere slikt mynde vidare til fylkesrådmennene, har fellesnemnda høve til å gjere dette.
- 11) Fellesnemnda får fullmakt til overføring av personell til den nye fylkeskommunen, og har ansvar for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.

- 12) Fellesnemnda kan delegere fullmakt til fylkesrådmennene i tråd med kommunelova sine reglar innanfor økonomi- og personalforvaltning m.m.
- 13) Fellesnemnda får ansvar for informasjonsarbeid og involvering av kommunane og innbyggjarane i arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen.
- 14) Fellesnemnda tilset administrasjonssjef og vedtek revisjonsordning for den nye fylkeskommunen.
- 15) Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkesvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka. Fellesnemnda må i dette arbeidet avklare den vidare prosessen for eit endeleg vedtak knytt til nytt fylkesvåpen.
- 16) Dersom enkelte saker som vedkjem samanslåingsprosessen er av ein slik karakter at dei må handsamast særskilt i eitt eller begge fylkestinga, har fellesnemnda innstillingsrett i saka.
- 17) Fellesnemnda får i oppgåve å opprette eit partssamansett utval, underlagt fellesnemnda, til arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen. Fellesnemnda fastset mandat for det partssamansette utvalet.

Utvalet skal m.a. utforme ein omstillingssavtale som rammeverk for dei tilsette i denne samanslåingsprosessen, med heimel i arbeidsmiljølova og hovudavtalen.

- 18) Eingongskostnader ved fylkessamanslåing vert dekka ved at kvart fylke som inngår i samanslåinga får utbetalt 15 mill.kr. Fellesnemnda får fullmakt til å disponere den samla ramma på 30 mill.kr som støtte til eingongskostnader i det førebuande arbeidet og gjennomføringa av fylkessamanslåinga. Jf. punkt 5 over.

Eventuelle behov utover denne ramma må løvvast av dei to fylkestinga når det føreligg eit nærmere avklara budsjett for arbeidet.

Rekneskapsfunksjonen for fellesnemnda vert lagt til Hordaland fylkeskommune.

- 19) Fylkesrådmennene og ny administrasjonssjef har møte- og talerett i fellesnemnda, og innstiller i saker som vert lagt fram for nemnda.
- 20) Medlemer i fellesnemnda og andre politiske utval under fellesnemnda skal godtgjerast i samsvar med gjeldande reglement i dei respektive fylkeskommunar.
- 21) Sakshandsamingsreglane i kommunelova gjeld tilsvarande for alt arbeid i fellesnemnda.



Sogn og Fjordane  
fylkeskommune



Hordaland  
fylkeskommune

## INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND

### INNHOLD

<b>1. Innleiing</b>	<b>2</b>
<b>2. Mål for samanslåing</b>	<b>2</b>
<b>3. Eit nytt regionalt folkevalt nivå på det sentrale Vestlandet</b>	<b>4</b>
3.1 Regionen sitt namn og merke	
3.2 Representantar i regiontinget	
3.3 Regionen si valordning	
3.4 Politisk styreform	
3.5 Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing	
3.6 Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte	
3.7 Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk	
<b>4. Leiing, organisering, arbeidsdeling</b>	<b>5</b>
4.1 Politisk organisering	
4.2 Administrativ organisering	
<b>5. Framtidig tenesteyting</b>	<b>7</b>
<b>6. Tilsette</b>	<b>8</b>
<b>7. Økonomi</b>	<b>8</b>
<b>8. Samansetting av fellesnemnd for overgangsperioden 2017 - 2020</b>	<b>9</b>
<b>9. Val av nytt regionting</b>	<b>9</b>
<b>10. Vilkår for den nye regionen</b>	<b>9</b>

17.01.2017

## 1. INNLEIING

Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland vil slå saman dei to fylka frå 01.01.2020. Dagens to fylkeskommunar vert då erstatta av ein ny region som dekker ein stor del av det sentrale Vestlandet; Vestlandsregionen.

Intensjonsplanen danner grunnlaget for vedtak om samanslåing. Vedtaka vert gjort i dei respektive fylkestinga. Dei to fylkestinga søker så Stortinget om å bli slegne saman i ein ny folkevald region.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland set som vilkår for å etablere ein Vestlandsregion med til saman 630.000 innbyggjarar, at vi får overført ansvaret for fleire statlege samfunnsoppgåver, samt at vi får behalde dei viktigaste oppgåvene vi har i dag. Ein annan sentral føresetnad for samanslåing er at regionreforma fører til at tal folkevalde regionar vert om lag 10 (reell regionreform).

## 2. MÅL FOR SAMANSLÅING

### Overordna mål

Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring.

#### **Hovudmål 1 – Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region**

Regionen skal ha større demokratisk påverknad regionalt og nasjonalt, og skal sikre fleire statlege ressursar, etableringar og prioriteringar på Vestlandet enn fylkeskommunane kunne fått til kvar for seg.

##### Delmål

- Viktige samfunnsoppgåver blir overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samanheng med fylkeskommunane sine noverande oppgåver og ansvarsområde.
- Politiske og administrative nettverk skal vidareutviklast og styrkast.

#### **Hovudmål 2 – Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet**

Vestlandsregionen skal sikre og utvikle gode og vekstkriftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde.

##### Delmål

- I samarbeid med kommunar og andre samfunnsaktørar skal Vestlandsregionen sikre busetjingsmønster, attraktivitet og eit allsidig næringsliv i heile regionen.
- Vestlandsregionen leier ein regional partnarskap som utviklar berekraftige og miljøvenlege by- og senterområde som sentra for næringsliv, kultur og høgare utdanning.
- Verkemiddelapparatet for næringsutvikling og innovasjon skal i større grad bygge opp under dei regionale partnarskapane sine satsingsområde.
- Bergensområdet skal utviklast som regionalt vektsentrums og drivkraft for utvikling av heile regionen.
- Det skal vere ein god balanse mellom storbyen Bergen og distrikta elles i regionen.

#### **Hovudmål 3 – Høg kvalitet i tenestene**

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet.

## Delmål

- Vestlandsregionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

## **Hovudmål 4 – Strategisk infrastrukturbygging**

Vestlandsregionen skal sikre ein framtidsretta infrastruktur på Vestlandet, med mål om betra samband internt i regionen og gode kommunikasjonar mot resten av landet og ut i Europa.

## Delmål

- Vestlandsregionen skal gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergiar mellom vekstkraftige sentra og omlandet betre. Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion.
- Vestlandet er samla om at det er vesentleg med gode sambindingsvegar aust-vest, og at dei hovudkorridorane som vert valde dekker regionen samla best muleg.
- Gjennom strategisk infrastrukturplanlegging skal vi i større grad få tilgang til, og nytte, tilgjengelege ressursar og all tilgjengeleg kompetanse i regionen.
- Eit sentralt element i satsinga er ein sterkare digital infrastruktur, noko som styrkar regionen sin attraktivitet for busetnad og næringsetableringar.

## **Hovudmål 5 – Kultur og identitetsbygging**

Vestlandsregionen skal bidra til å bygge ein sterkare felles kultur og identitet på tvers av dagens fylkesgrenser, utan at dette går ut over innbyggjarane sin identitet til lokalsamfunna dei bur i. Vestlandsidentiteten har lange historiske tradisjonar.

Nynorsk har vore, og er, ein viktig felles identitetsbyggjar. Lokale skilnader i kultur vil, og skal framleis vere, viktig og eit felles mål å ta vare på.

## Delmål

- Vestlandsregionen skal utviklast som merkevare og symbol.
- Eit breitt og mangfaldig kulturtildod skal sette Vestlandsregionen på kartet som ein sterk og inkluderande kulturformidlar.

## **Hovudmål 6 – Berekraftig forvaltning av samla ressursar**

Vestlandsregionen skal, innanfor strukturane som vert valde, sikre ei betre forvaltning av dei samla ressursane på Vestlandet enn dagens fylkeskommunar gjer kvar for seg. Kompetansen og ressursane i heile regionen vert nytta.

## Delmål

- Naturgjevne føresetnader og menneskelege ressursar på Vestlandet skal nyttast på ein heilsakapleg og berekraftig måte.
- Faglege og administrative ressursar i regionen skal nyttast gjennom ei desentralisert organisering og effektiv samhandling.

### **3. EIT NYTT REGIONALT FOLKEVALT NIVÅ PÅ DET SENTRALE VESTLANDET**

#### **3.1 Regionen sitt namn og merke**

Fylkestinga går inn for at den nye regionen sitt namn blir Vestlandet/Vestlandsregionen.

Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkes-/regionvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka.

#### **3.2 Representantar i regiontinget**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at regiontinget får 65 representantar.

Fellesnemnda får i oppgåve å avklare talet nærmare, og skal vidare sjå dette i samanheng med kap. 3.3 i intensjonsplanen (regionen si valordning).

#### **3.3 Regionen si valordning**

Ein Vestlandsregion vert etablert som éin samla valkrins. Ordninga trer i kraft for region-/fylkestingsvalet hausten 2019.

Dersom Stortinget vedtek ein lovproposisjon i 2018 som opnar for ei valordning med utjamningsmandat, t.d. med tre representantar/mandat frå kvart av dagens fylke, vil Vestlandsregionen vurdere å nytte ei slik valordning frå og med hausten 2019.

#### **3.4 Politisk styringsform**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform for den nye regionen.

#### **3.5 Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing**

Bergen vert administrasjonssenter for Vestlandsregionen, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.

#### **3.6 Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte**

Regiontinget skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane. Samlingar utover dette vert i hovudsak lagt til administrasjonssenteret.

Regionutvalet og hovudutvala sine møte vil i utgangspunktet vere lagt til administrasjonssenteret.

Hovudutvala og regionutvalet skal likevel vere fleksible og kunne alternere i regionen for å ivareta lokalkunnskap og for å halde oppe kontakten med lokalsamfunna i heile regionen. Alle utvala skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane.

#### **3.7 Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk**


Nynorsk vert administrasjonsspråk og statleg tenestespråk for den nye regionen.

## 4. LEIING, ORGANISERING OG ARBEIDSDELING

Vestlandet skal organiserast slik at regionen samla kjem sterkare ut i eit godt samspel mellom distrikta og byområda.

### 4.1 Politisk organisering

Den politiske organiseringa inneber eit regionting, eit regionutval og fire hovudutval (grunnstruktur):



Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til den endelige politiske organiseringa innanfor desse rammene, herunder kontrollutval og administrasjonsutval. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast/innpasserast.

### 4.2 Administrativ organisering

Den nye regionen må utvikle ein samla organisasjonsplan. Organisasjonsplanen bør m.a. definere leiing og lineansvar, stabs- og støttefunksjonar og strategisk planleggingsansvar.

Administrasjonssjefen vil ha ansvar for overordna strategisk samordning og styring av regionen. Stabs- og støttefunksjonar kan vere økonomistyring, HR, innkjøp, IKT, bygge- og eigedomsforvaltninga m.m.

Strategisk planlegging kan omfatte m.a. regional planstrategi, klima og miljø og folkehelse.


Administrasjonssjefen skal sikre ein kompetent og effektiv organisasjon.

Oppgåver innanfor dei sentrale fagområda skal framleis kunne utførast i både dagens fylke. Tilsette kan halde fram å arbeide innanfor ulike sektorar, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der administrativ sektorleiing har hovudsete. Dette gjeld også for dei sentrale stabs-, drifts- og støttefunksjonane, som også kan organiserast desentralisert og gjennomgåande i organisasjonen. Sektorinterne funksjonar og fagleg oppgåveløysing av meir operativ karakter kan organiserast med leiing og fysisk plassering andre stader enn der den administrative sektorleiinga er lokalisert.

Hovudutvalsstrukturen danner utgangspunktet for den administrative organiseringa (leiingsdelinga):

<u>Hovudutval</u>	<u>Administrativ sektorleiing (geografisk plassering av toppleiing)</u>
Nærings-	Delt fagleg-administrativt ansvar:
Opplæring og idrett	<u>Hordaland</u> og <u>Sogn og Fjordane</u>
Samferdsle	<u>Hordaland</u>
Kultur	Kollektivtransport: <u>Hordaland</u> Veg: <u>Sogn og Fjordane</u> Kultur: <u>Sogn og Fjordane</u>

Den administrative organiseringa (leiingsdelinga) er nærmere illustrert under:



Administrative sektorleiarar i den nye regionen skal ha tilstrekkelege strategiske funksjonar til å kunne utøve ei profesjonell og effektiv administrativ leiing, med nødvendige ressursar og kompetanse.

For å sikre ein regional balanse og tilstrekkeleg lokal tilknyting, vert oppgåvene innanfor dei ulike sektorane fordelt slik:


**Samferdsleområdet:** Under hovudutval for samferdsle vert ansvaret for kollektivtransporttilbodet og veg delt mellom to sektorleiarar. Sektorleiar for kollektivtransport får ansvaret for tenestetilbodet i heile regionen, og denne får sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Sektorleiar for veg får sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

**Vidaregåande opplæring og idrett:** Sektorleiar for vidaregåande opplæring og idrett skal ha sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Under denne leiaren vert plan- og strategiansvaret for den vidaregåande opplæringa i Bergensområdet lagt til Hordaland, medan tilsvarende plan- og strategiansvar for den vidaregåande opplæringa i distrikta utanom Bergensområdet vert lagt til Sogn og Fjordane.

**Nærings:** Under hovudutval for næring vert det etablert eit delt geografisk ansvar basert på dagens fylke, Hordaland og Sogn og Fjordane (to likestilte sektorleiarar). Hovudutvalet skal samordne den næringsretta innsatsen i Vestlandsregionen.

**Kultur:** Sektorleiar for kultur skal ha sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

Dette kan også illustrerast gjennom følgjande matrise (organisasjonsskisse):



Endeleg administrativ organisering vert lagt på plass innanfor desse rammene.

## 5. FRAMTIDIG TENESTEYTING

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet. Regionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane gjennom:

- Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med fridom til å velje studieprogram
- Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem
- Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjesamband
- Eit kulturtilbod med gode og tilgjengelege idrettsanlegg

Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting.

Regionen si disponering av økonomiske ressursar er med på å legge rammene for tenestetilbodet og regionalt utviklingsarbeid. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot Bergensområdet og distrikta i regionen.

## 6. TILSETTE

Vestlandsregionen skal utøve ei styrkt regionalpolitisk rolle som samfunnsutviklar og tenesteleverandør. Dette vil innebere ein større organisasjon og langt fleire tilsette enn det dei to fylkeskommunane kvar for seg har erfaring med å handtere i dag.

Eit viktig mål med samanslåinga er å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklende arbeidsplassar. Ingen som er tilsette i dei to fylkeskommunane på samanslåingstidspunktet skal kunne seiast opp som følgje av samanslåinga. Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med.

Medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av «dublering» eller behov for ny organisering, vil få tilbod om annan høveleg stilling med utgangspunkt i kompetanse og arbeidserfaring etter på førehand haldne samtalar og drøftingar i samsvar med avtaleverk.

Vernet mot oppseining av medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av samanslåinga, skal vare i 5 – fem – år frå samanslåingsdato. Ein skal i størst muleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseining av tilsette i ein eventuell nedbemanningsprosess.

Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible overgangsordningar slik at den tilsette får ei moglegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for slike overgangsordningar skal ha 5 – fem – års varigheit frå samanslåingsdato. Generelle og spesielle overgangsordningar av denne typen vert fastsette etter nærmere drøftingar med dei som vert berørte og med tillitsvalde.

Ingen tilsette skal få forringa sine løns- og arbeidsvilkår som følgje av samanslåinga. Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitikk og få til ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Partane skal forhandle fram felles retningsliner for handsaming av overtalige, der ein m.a. tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad.

Samanslåinga skal ikkje svekke rolla til arbeidstakarorganisasjonane. Ein skal utøve samråding med representasjon frå dei eksisterande fylkeskommunane i den nye Vestlandsregionen. Dersom den nye regionen får fleire administrative nivå, må ein sikre ressursar til tillitsvalde også på desse nivåa, slik at samråding mellom tilsette og arbeidsgjever kan gå føre seg her. Ressursane til tillitsvalde på alle nivå skal oppretthaldast (minst) som i dag.

## 7. ØKONOMI

Disponibel formue mv. frå dei to fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regionettinget til beste for innbyggjarar, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen.

Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter, blir fylket gitt høve til å la desse verdiane bli haldne utanfor regionetableringa i 2020. Dersom fylkeskommunen vel å gjere dette, vil fylket kunne leggje nemnde verdiar i eigne investerings- og disposisjonsfond. Det samla fondsbeløpet skal ikkje overstige 1,5 mrd.kr.

I så fall kan heile beløpet frå salet av Fjord1 AS (1.064 mill.kr, inkl. sluttoppgjer i juni 2020) og det fylkeskommunen eventuelt måtte ha av bokførte aksjeverdiar i SFE AS/SF Holding AS ved regionetableringa i 2020 (356 mill.kr pr. 31.12.16) fondsplasserast. Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane.

Fellesnemnda får i oppgåve å bli samde om vedtekter for fondet. Regiontinget vil delegere forvaltninga fondet til eit fondsstyre, valt av og blant regiontingets medlemer. I fondsstyre skal representantar frå Sogn og Fjordane ha fleirtal.

## **8. SAMANSETTING AV FELLESNEMND FOR OVERGANGSPERIODEN 2017-2020**

Det vert oppnemnt ei fellesnemnd som går ut frå dei to noverande fylkestinga i samsvar med inndelingslova.

Nemnda skal vere samansett av dei to fylkesutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland, til saman 24 medlemer. Fellesnemnda skal ha leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane.

Det vil bli vurdert å etablere eit arbeidsutval ut frå fellesnemnda sine medlemer.

Arbeidsoppgåver, rolle og fullmakter for fellesnemnda vert fastsett ved vedtak i dei respektive fylkestinga.

## **9. VAL AV NYTT REGIONTING**

Fylkestinga går inn for at representantar til det nye regiontinget vert valde gjennom valet hausten 2019, og at konstituering av det nye regiontinget vert gjort seinast 01.01.2020.

## **10. VILKÅR FOR DEN NYE REGIONEN**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane sluttar seg til intensjonsplanen, og stiller følgjande vilkår for å etablere ein ny folkevald region:

- a) Viktige samfunnsoppgåver blir overført frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samanheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane no har.
- b) Det er ein føresetnad at ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring framleis skal ligge til regionen/fylkeskommunane.
- c) Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- d) Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen.
- e) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.
- f) Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.
- g) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at det nye regionkontoret for NAV vert lokalisert i Bergen.
- h) Eit eventuelt regionalt bestilleransvar for landsdekkande ferjeverksemder vert lagt til Vestlandet.

Os, 17. januar 2017

Jenny Følling  
Fylkesordførar  
Sogn og Fjordane  
(sign.)

Pål Kårbø  
Fylkesvaraordførar  
Hordaland  
(sign.)

Intensjonsplanen er signert med atterhald om at denne vert godkjend  
i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland.

**Intensjonsplan for samanslåing av  
Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar  
Fylkestingsvedtak 02.02.17 og 03.02.17**

**Sogn og Fjordane fylkesting gjorde 02.02.17 følgjande vedtak:**

1. Om den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, vil fylkestinget at Sogn og Fjordane held fram og vert vidareutvikla som eige fylke/eigen region frå 2020.
2. Om Stortinget vedtek ei nasjonal regionreform som reduserer tal fylke/regionar til om lag 10, og legg til rette for styrking og overfører makt og oppgåver/funksjonar til det regionale folkevalde nivået , søkjer fylkestinget – i samsvar med inndelingslova – om at Sogn og Fjordane og Hordaland vert slegne saman til ein ny, folkevald region frå 2020 – Vestlandet/Vestlandsregionen. Fylkestinget legg til grunn at fylkestinget i Hordaland søker tilsvarende.

Fylkestinget legg i dette tilfelle den framforhandla intensjonsplanen av 17.01.17 til grunn som rammeverk for Vestlandet/Vestlandsregionen, med følgjande presiseringar:

- a) Den framtidige administrasjons- og tenestestrukturen i den nye regionen skal bygge på desentralisering, maktspreiing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette skal gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering skal dette prinsippet stå sentralt.
- b) Ekspertutvalet, som skal opprettast i samband med regionreforma, må legge til rette for at Stortinget kan overføre nye og viktige oppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Fylkeskommunane må vere godt representerte i ekspertutvalet.
- c) Dersom nye folkevalde regionar får svært ulikt innbyggjartal, må Stortinget vurdere å fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom forvaltningsnivåa.
- d) Det nye fylkesmannsembetet må få ei organisering og regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Det vert òg lagt til grunn at embetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, i vårt tilfelle med leiing frå Sogn og Fjordane.
- e) Fylkestinget stiller seg positiv til at kommunar i Rogaland og Møre og Romsdal, som eventuelt ønskjer å bli ein del av den nye folkevalde regionen på Vestlandet, søker om dette.

**Hordaland fylkesting gjorde 03.02.17 følgjande vedtak:**

- 1) Fylkestinget viser til regionreforma og Stortinget sitt vedtak om ny regionstruktur frå 01.01.2020 med om lag 10 regionar. I den nye strukturen går fylkestinget primært inn for at det vert etablert ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.
- 2) Om den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, vil fylkestinget at Hordaland held fram og vert vidareutvikla som eige fylke/eigen region frå 2020.
- 3) Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaringar om overføring av nye statlege oppgåver i tilstrekkeleg omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet bestående av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløysing på Vestlandet under føresetnad av at nye oppgåver/ansvarsområde vert tilført og tilsvarande vedtak gjort i fylkestinget i Sogn og Fjordane.
- 4) Fylkestinget understrekar at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområde må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.
- 5) Hordaland fylkesting legg til grunn at fondsmidlane omtala i pkt. 7 bør brukast til fylkeskommunale/ regionale investerings- og driftsoppgåver innan dagens grenser for Sogn og Fjordane.

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

17/2951-4

28. juni 2017

## Sammenslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommuner

Vi viser til brev fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) datert 7. april 2017 om videre prosess for fylkeskommuner som skal slå seg sammen. Stortinget vedtok 8. juni 2017 sammenslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommuner fra 1. januar 2020.

KMD ønsker nå å gi informasjon om prosessen videre. Vi ber om at fylkeskommunene oppnevner en kontaktperson for sammenslåingen, og gir tilbakemelding om kontonummer for utbetaling av tilskudd til dekning av engangskostnader.

Det følger av inndelingsloven at departementet skal kalle inn til felles fylkestingsmøter så snart som mulig etter at det er fattet vedtak om sammenslåing. Fylkeskommunene vil ha behov for noe tid til å diskutere disse spørsmålene før departementet innkaller til møte, både internt i fylkeskommunene, og sammen med de fylkeskommunene de skal slås sammen med. Samtidig er det behov for å sikre tilstrekkelig framdrift for å få på plass nødvendige vedtak slik at sammenslåingen kan tre i kraft fra 1. januar 2020. Departementet tar sikte på at felles fylkestingsmøter gjennomføres i løpet av oktober 2017. Dette vil også gi departementet nødvendig tid til å forberede proposisjon til Stortinget om nye navn på fylkeskommunene, etter vi har fått forslag til navn fra fylkeskommunene som skal slå seg sammen. Det skal videre lages en forskrift med nærmere regler om den enkelte sammenslåing, der blant annet antallet medlemmer i det nye fylkestinget fastsettes.

KMD, KS og forhandlingssammenslutningene (LO-K, Unio, YS-K og Akademikerne kommune) har en samarbeidsavtale om å tilby oppfølging til kommuner som slås sammen. Det har så langt vært gjennomført fire seminarer med deltagelse fra kommuner med vedtak om sammenslåing. Partene planlegger nå et eget seminar for fylkeskommuner som skal slå seg sammen. Dato er satt til 20.-21. november. En egen invitasjon vil sendes ut.

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
[postmottak@kmd.dep.no](mailto:postmottak@kmd.dep.no)

Kontoradresse  
Akersg. 59  
[www.kmd.dep.no](http://www.kmd.dep.no)

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 858

Avdeling

Saksbehandler  
Janne Marie Larsen  
22 24 72 34

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommuner vil få utbetalt 30 mill. kroner som skal dekke engangskostnader i forbindelse med sammenslåingen.

Vi ber om tilbakemelding om kontaktperson for gjennomføringen av sammenslåingen. Det er en fordel om fylkeskommunene blir enige om én kontaktperson for sammenslåingen. Vi vil deretter ta kontakt for å planlegge innkalling til felles fylkestingsmøte. Videre ber vi om å få opplyst kontonummer for utbetaling av engangskostnadene. Midlene skal utbetales til én av fylkeskommunene som har ansvar for midlene på vegne av de to. Frist for tilbakemelding settes til 1. september.

Med hilsen

Hans Petter Friestad Gravdahl (e.f.)  
avdelingsdirektør

Janne Marie Larsen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturen*

Adresseliste

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

17/2951-27

9. oktober 2017

## Innkalling til felles fylkestingsmøte for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommuner

Stortinget vedtok 8. juni 2017 sammenslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommuner fra 1.1.2020. I henhold til inndelingsloven § 25, innkaller Kommunal- og moderniseringsdepartementet med dette til felles fylkestingsmøte fredag 27. oktober kl. 11:15 på Dalsøra skule, Gulen. Møtet vil åpnes av statssekretær Kristin Holm Jensen.

### Dagsorden

- 1) Konstituering/valg av møteleder
- 2) Drøftinger iht inndelingsloven § 25
  - a. Den nye fylkeskommunens navn
  - b. Antallet medlemmer i det nye fylkestinget
  - c. Kriterier for sammensetning av og funksjoner til fellesnemnda etter § 26 i inndelingsloven
  - d. Valg av revisor for fellesnemnda
  - e. Opprettelse av partssammensatt utvalg

Med hilsen

Mari Jacobsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Janne Marie Larsen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
[www.kmd.dep.no](http://www.kmd.dep.no)

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 858

Avdeling

Saksbehandler  
Janne Marie Larsen  
22 24 72 34

Adresseliste

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER



Arkivnr: 2016/3311-3

Saksbehandlar: Roald Breistein

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	65/17	23.05.2017
Fylkestinget	64/17	13.06.2017
Fylkestinget	102/17	27.10.2017

#### Val av revisor for fellesnemnd i samband med samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune

#### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune deltok 08.05.2017 i felles møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune med slik sak på saklista:**

«Kva rolle skal kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune ha i samband med samanslåing av dei to fylkeskommunane – Arbeidsmøte.»

**På bakgrunn av det som kom fram i møtet vart m.a. dette protokollert:**

«Arbeidsmøte kl. 14.00 – 16.00

Til stades:

Fungerande fylkesordførar i Hordaland fylkeskommune Pål Kårbo deltok frå kl. 15.00

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune:

- Inge Reiar Kallevåg, leiar
- Kristian Helland, nestleiar
- Leidulv Brunborg (vara)
- Sekretær for kontrollutvalet Hogne Haktorson og Roald Breistein
- Forfall: Åse Gunn Husebø, Terje Kolbotn, Sara Berge Økland

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune:

- Frank Willy Djuvik, leiar
- Odd Atle Stegegjerdet, nestleiar
- Klaus Iversen
- Lise-May Sæle
- Sekretær for kontrollutvalet Einar Ulla
- Forfall: Karoline Aldis Bjerkeset og fast møtande 1. vara Frode Bøthun

**Milepærar for arbeidet vidare.**

- Val av revisor for fellesnemnda – handsaming i kontrollutvala mai 2017 – sikre at det er kontrollutvala som lager saksframlegg vedr. val av revisor. Roald presenterte saksframlegg for val av revisor til fellesnemnda. Dette må koordinerast med fylkesrådmennene.
- Rett til innsyn – kontrollutvalet sin rett til å kontrollere fellesnemnda – bør undersøkast
- Plan for FR – felles arbeid – samkøyring av planane
- Plan for SK – felles arbeid – eigne planar
- Konkurranse om val av revisjonsordning – 2018 – sekretariata bør starte opp arbeidet hausten 2017
- Møte nr. 2 om samanslåing –seinhausten 2017 – **Det vart avtalt møte mellom dei to kontrollutvala 21. november 2017.** Vertskap blir kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Forslag til tema for møtet:
  - Val av revisjonsordning - prosess
  - Planverket (Plan for forvaltningsrevision og plan for selskapskontroll)
  - Val av sekretariatsordning
  - Statusorientering frå FRM i Sogn og Fjordane»

Drøfting:

**Val av revisor for fellesnemnda går fram av inndelingslova § 25 som lyd slik:**

**«§ 25. Felles kommunestyre- eller fylkestingsmøte**

Når det er gjort vedtak om samanslåing av to eller fleire kommunar eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, skal Fylkesmannen snarast mogleg kalle saman til eit felles møte med dei aktuelle kommunestyra. Ved samanslåing eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, kallar departementet saman kommunestyra dersom kommunane ligg i ulike fylke. Ved samanslåing eller deling av fylke som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, kallar departementet saman fylkestinga. Departementet kan gjere unntak frå kravet om slike fellesmøte skal følgjande saker drøftast:

- a) forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket
- b) talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget
- c) kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova
- d) val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- e) oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.»

Inndelingslova seier ikkje noko om kontrollutvalet si rolle i denne handsaminga. Norges Kommunerevisor-forbund (NKRF) har laga ei sjekkliste for revisor, kontrollutval og sekretariat der det m.a. i punkt 4.2 går fram dette:

«Prosjektgruppen anbefaler å følge vanlig prosedyre ved valg av revisor i kommunene, dvs. valg foretas av kommunestyrrene etter innstilling fra de sammenslående kommunenes kontrollutvalg. Dette vil også styrke legitimitet til det valget som gjøres.»

Denne sjekklisten finn du på denne lenkja:

[http://www.nkrf.no/nyheter\\_cms/2016/juni/kommunereform-sjekkliste-for-revisor-kontrollutvalg-og-sekretariat/5497](http://www.nkrf.no/nyheter_cms/2016/juni/kommunereform-sjekkliste-for-revisor-kontrollutvalg-og-sekretariat/5497)

#### Innkjøpsreglar:

Sekretariatet har hatt kontakt med kollegaer i Vestfold. Sak om val av revisor for fellesnemnda har vore handsama i m.a. nye Sandefjord kommune. Der valde dei å be kontrollutvala om å komme med innstilling til val av revisor for fellesnemnd. På bakgrunn av dette er det naturleg at kvar av kontrollutvala i dei to kommunane også får ansvar for å komme med innstilling til val av revisor for fellesnemnd. I nye Sandefjord kommune vart det arrangert særskilte kommunestyremøte for kvar av kommunane same dag som fylkesmannen hadde innkalla til felles kommunestyremøte mellom kommunane. I desse kommunestyremøta vart innstillinga frå kontrollutvala handsama.

Sekretariatet har førvrig fått opplyst at ekstra kostnader til kontrollutval og sekretariat i samband med kommunenesamanslåinga vart ført på den einskilde kommune i prosessen fram mot nye Sandefjord kommune. Vidare har vi fått opplyst at kostnader til fellesnemnd i nye Sandefjord kommune vart ført som eit prosjektrekneskap og revidert av Vestfold kommunerevisjon. Arbeidet med revisjon over 2,5 år, beståande av nokre attestasjonsoppgåver og revisjon av den totale prosjektrekneskapen når prosjektperioden er over, får vi anslått har ein totalkostnad på omlag kr. 25.000.

Sekretariatet har undersøkt litt når det gjeld terskelverdiar i høve «Lov om offentlege anskaffelser» og «Anskaffelsesforskriften». Begge desse finn du på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

Slik vi har forstått reglane er det på generelt grunnlag slik at dersom anslått verdi for den totale perioden innkjøpet skal gjelde for, er under kr. 1.1 millionar, treng ein ikkje kunngjere innkjøpet på Doffin. Det er då nok å sende førespurnader til 3 tilbydarar, eventuelt fleire, dersom marknaden skulle tilseie at det kan vera lurt for å oppnå tilfredsstillande konkurranse.

Vidare har vi forstått det slik at dersom anslått verdi er under kr. 100.000 gjeld ikkje verken lov eller forskrift og fylkeskommunen kan gjera innkjøpet der dei sjølv måtte ønske. Det er likevel slik at fylkeskommunane sjølv kan lage rutinar som er strengare enn krava i lov og forskrift.

I **Hordaland fylkeskommune** gjeld desse reglane, jf. innkjøpshandboka punkt 7.1.4:

*«Skriftleg førespurnad skal nyttast for alle einskildkjøp over kr 10 000 - med tilstrekkelege spesifikasjoner med omsyn til krav til kvalitet, kvantum, leveringstid, vedlikehald, garantiar, vurderingskriterium og andre vilkår knytt til leveransen, slik at leverandøren får eit realistisk og fullstendig grunnlag for utarbeiding av sitt tilbod. Det skal om mogleg hentast tilbod frå minimum 3 leverandørar. Sjå eigen prosedyre for førespurnad.»*

I **Sogn og Fjordane fylkeskommune** er reglane slik:

*«Kjøp under 100 000 kroner eks mva er ikkje regulert av lov eller forskrift (anskaffelsesloven § 2). Tenk likevel på følgende*

- *Finst det ein rammeavtale for det du skal kjøpe? Dersom ja – bruk avtalen, du finn han i innkjøpshandboka. Dersom nei –*
- *Du kan handle fritt dersom totalsummen for tilsvarande kjøp på eit år for heile kommunen/fylkeskommunen ikkje er høgare enn 100 000 kr eks mva.»*

#### Val av revisor for fellesnemnd

Sogn og Fjordane revisjon IKS er i dag revisor for Sogn og Fjordane fylkeskommune på rekneskapsrevisjon og dei har rammeavtale med Deloitte når det gjeld forvaltningsrevisjon. Deloitte er revisor for begge deler i Hordaland fylkeskommune. Det er etter det vi veit ikkje teke stilling til om det er Sogn og Fjordane fylkeskommune eller Hordaland fylkeskommune som skal føre prosjektrekneskapen for fellesnemndna.

Sekretariatet har undersøkt kva som har vore vanleg praksis i dei kommunane som er ferdig med, eller komme lenger i prosessen med kommunesamanslåing, når det gjeld val av revisor for fellesnemnda. Det vanlege har vore at revisor i den kommunen som er vald til å føre rekneskapen for fellesnemnda også vert vald til å revidere rekneskapen for fellesnemnda. Slik sekretariatet ser det kan dette vera eit fornuftig prinsipp som vi tilrår at kontrollutvalet går inn for.

På bakgrunn av det som går fram over meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør innstille på at fylkestinget vel den som er revisor i fylkeskommunen som skal føre prosjektrekneskapen for fellesnemnda, som revisor for fellesnemnda. Det vert presistert denne innstillinga ikkje skal leggje føringar for val av revisor for den komande regionen.

#### **Konklusjon:**

Det vert tilrådd at kontrollutvalet innstiller på dette: Fylkestinget vel til revisor for fellesnemnda for samanslåinga av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, det revisjonsselskapet som er revisor for den fylkeskommunen som fører prosjektrekneskapen for fellesnemnda.

#### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget vel til revisor for fellesnemnda for samanslåinga av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, det revisjonsselskapet som er revisor for den fylkeskommunen som fører prosjektrekneskapen for fellesnemnda.

#### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.05.2017**

##### **Handsaming i møte**

I Sogn og Fjordane fylkeskommune er Deloitte AS forvalningsrevisor medan Sogn og Fjordane revisjon IKS er rekneskapsrevisor, medan Deloitte AS både er forvalningsrevisor og rekneskapsrevisor i Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av dette føreslår sekretariatet at ordet «revisor» i andre linja i forslag til vedtak vert endra til «rekneskapsrevisor».

Forslag til innstilling, inkludert endring til «rekneskapsrevisjon», vart samrøystes vedteke.

##### **Innstilling**

Fylkestinget vel til revisor for fellesnemnda for samanslåinga av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, det revisjonsselskapet som er rekneskapsrevisor for den fylkeskommunen som fører prosjektrekneskapen for fellesnemnda.

#### **Saksprotokoll i fylkestinget - 13.06.2017**

##### **Vedtak**

Saka vart trekt.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*